



Revidert innspel / justering av område 16.11592_2 (næring, sosi 1300)

Me viser til motteke brev med svarfrist 27.02.2023, og avklaring same dag.

Me takkar for at innspela me sende inn i 2016 er med vidare i prosessen, og ynskjer samstundes å gjera ei justering av næringsområdet. Sidan 2016 har Fjon Bruk kjøpt sjøparsell av 80/16 (godkjent frådelt), og fått godkjent utvida kaiområde, samt tilbygg, sjøvassinntak m.v. i tilknytning til 80/10, 16.

Med bakgrunn i den godkjent endra arealbruken, i kraft av vedtak 22/1251 og 22/1244, samt frådelingsvedtak 21/74, fremjer me innspel om å endre arealbruken frå Naust/SB/LNF til næring.

Det aktuelle arealet er i dag allereie planert, asfaltert og som nemnt ovanfor godkjent bebygd og frådelt. Me vonar difor kommuneplanen kan ta opp i seg desse faktiske endringane sidan opphavleg innspel vart sendt.

Våre øvrige innspel står elles ved lag, og me syner til vår tidlegare kommentar sendt 27.01.2023 om 16.11592_3 og tilhøvet til H910.

Onarheim 16.02.2023.

På vegne av Alsaker Fjordbruk AS / Fjon Bruk AS,

Kristian Råsberg
Alsaker Fjordbruk AS